

---

Saksnr: 2020/54615-10  
Saksbehandlar: Signe Rauboti

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		27.04.2021
Fylkesutvalet		11.05.2021

**Eigarstrategi for TH Eigedom IKS (Trivselshagen IKS)**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek vedlagte eigarstrategi for TH Eigedom IKS.

Samandrag

Som ledd i oppfølginga av selskapskontroll av TH Eigedom IKS (tidlegare Trivselshagen IKS) i 2019, vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane i FT-sak 38/19 at deltakarane, dersom ein valde å halde fram med selskapet, skulle utarbeide ein felles eigarstrategi. Hausten 2020 vart deltakarane, Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune, samde om å halde fram med selskapet.

I denne saka legg fylkesrådmannen fram utkast til felles eigarstrategi.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Utkast til eigarstrategi for TH Eigedom IKS

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

TH Eigedom IKS (tidlegare Trivselshagen IKS) er eit interkommunalt eigedomsselskap skipa 07.03.2007. Selskapet har Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune som eigarar og deltakarar med lik ansvars- og eigardel. Selskapet sitt føremål er å eige, drifte og vedlikehalde anlegga «Trivselshagen skule og kultur» og «Trivselshagen bad og idrett», og leige desse ut til dei to eigarane.

Som ledd i oppfølginga av selskapskontroll av selskapet, vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane i FT-sak 38/19 at deltakarane, dersom ein valde å halde fram med selskapet, skulle utarbeide ein felles eigarstrategi. Utarbeiding av eigarstrategi er det siste attståande oppfølgingspunktet etter selskapskontrollen.

I eigarmøte 12.10.20 vart eigarane samde om å starte opp arbeidet med felles eigarstrategi etter at den reviderte selskapsavtalen og dei nye leigeavtalane var på plass. I desember 2020 vedtok eigarane den reviderte selskapsavtalen. Vidare godkjende fylkeskommunen og kommunen - i rolla som leigetakarar - nye leige kontraktar mellom selskapet og leigetakarane.

Arbeidet med ein felles eigarstrategi starta opp administrativt hjå dei to eigarane i januar månad. I eigarmøte 15.03.21 vart utkastet presentert for representantskapet. Både kommunen og fylkeskommunen sine representantskapsmedlemmer støttar opp om utkastet.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7. Fylkesutvalet tek avgjerd i alle saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

### Vurderingar og verknader

Eigarane har frå før vedteke ein revidert selskapsavtale som fastset selskapet sitt føremål og rammer for organiseringa. Med eigarstrategien definerer eigarane nærmare kva som skal vere kjerneområdet for selskapet si verksemd og fastset ytterlegare rammer for organisering, eigarstyring og selskapsleiing.

I strategien set eigarane m.a. konkrete mål for drifta av selskapet, fastset krav til styret, etablerer ein rutine for jamlege eigarmøte og legg til rette for systematisk oppfølging av informasjon frå selskapet. Det er meininga at eigarstrategien skal vere eit dynamisk dokument som skal reviderast ved behov.

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje direkte relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje direkte relevant.

### Konklusjon

Den vedlagde eigarstrategien legg etter fylkesrådmannen sitt syn til rette for føremålstenleg eigarstyring og selskapsleiing, og utkvitterer det siste oppfølgingspunktet etter selskapskontrollen av selskapet i 2019. Fylkesrådmannen tilrår derfor at fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for TH Eigedom IKS slik han føreligg.